

IDENTITETSDSIGN FOR GEOGRAFISK AVGRENSA OMRÅDE:

PRESENTERA, DISKUTERA, ARRANGERA,
INVOLVERA, ENGASJERA, EKSPERIMENTERA,
RAFFINERA, OFFENTLEGGJERA.



Redigert logg og skissebok

LINDA LIEN

Kunsthøgskolen i Bergen,
Avd. design, fagområde for
visuell kommunikasjon.

STIPENDPROGRAMMET
FOR KUNSTNERISK
UTVIKLINGSARBEID
2011

Redigert skissebok og logg som viser **utdrag** frå designprosessen bak stipendprosjektet *Identitetsdesign for geografisk avgrensa område*:
Den kollektive stadsidentiteten i den personlege merkevarebygginga si tid.

Problemstilling: «Korleis kan eg koma fram til nye måtar å finna og formidla visuell stadsidentitet på, med utgangspunkt i staden sine ressursar og utfordringar?».



PRESENTERA

I perioden 2006-2010 vart problemstillinga og prosjektet presentert i ei rekkje fora: Nokre eksempel: For statsråd Tora Aasland, på Sensuous Knowledge, under Forskingsdagen, på tverrfagleg seminar i regi av forskingsgruppa Norske Rom.



+ God trening og nyttige tilbakemeldingar. Den viktigaste presentasjonen var utan tvil for statsråd Trond Giske: Eg presenterte då på seks minutt, noko som bidrog til å klargjera prosjektet også for meg sjølv.



DISKUTERA

Offisielle og eigeninitierte samlingar for stipendiatane ved Kunsthøgskolen i Bergen. Nokre hadde eit tema og eit program, andre var heilt opne.

+ Viktig erfaringsutveksling og gode samtalar om felles utfordringar.





DISKUTERA

Eit stort tal samlingar der mitt eige og/eller andre sine prosjekt var tema, og der nokre fellesnemnarar var forskning og utvikling, stad og identitet, metode og prosess.

✚ Auka kunnskapsnivå.
Bra å sjå sitt eige prosjekt i eit nytt lys.



(OG LÆRA)

Stille! Action! Eit av fleire kurs for stipendiatane (nokre obligatoriske, andre fagspesifikke). Her frå kurs i videodokumentasjon. På det store biletet: HC Gilje. Kurset vart leia av Lei Cox frå Kunsthøgskolen i Bergen.

+ Veldig kjekt å tilbringa nokre dagar saman med likesinna, som var komne nøyaktig like langt, eller kort, i prosessen.





ARRANGERA

Som stipendiat var eg ansvarleg eller med-ansvarleg for fleire seminar og arrangement, til dømes Design Jam og Design i samanheng i Bergen, april 2007.


✦ Bratt læringskurve! Fekk erfaringar og kunnskapar som eg tok med meg vidare i det praktiske arbeidet. Inviterte frontfigur i det svenske «Håkki»-prosjektet, og etablerte kontakt med han. Design Jam vart eit årleg arrangement i Bergen.



INVOLVERA

Det vart mange møte og mykje prat med ulike aktørar i samarbeidskommunen Kvam, i perioden 2006-2009.


+ Nødvendig prøving og feiling, møtte mange hyggelege menneske, fann ut kva som ikkje verka med tanke på brukarinvolvering.






INVOLVERA

Eg besøkte barnehagen i Strandebarm, der eg samla inn desse og fleire teikningar med utgangspunkt i Kvam. Men korleis bruka bidraga?



Norheimsund IL - Åsane 2
Fredag 31. august kl 20.00



EKSPERIMENTERA







INVOLVERA

Ulike møte med Bjørn Otto Wallevik i Wallcon lydstudio i gamle Ålvik bedehus. Blant anna var «Håkki» og representantar frå Kvam herad på besøk i lydstudioet (stort bilete).

+ Bjørn Otto Wallevik vart både ein viktig samtale- og samarbeidspartnar. Ei lokal eldsjel med detaljkunnskapar om Ålvik og ålvikarane, og med ein inspirerende dele-tankegang (bileta over og til venstre).














EKSPERIMENTERA

Øyvind Sundfjord i Asplan Viak gav meg eit innblikk i elektroniske kart og GIS-verktøyet. Eg eksperimenterte med kart som grid.



















EKSPERIMENTERA




HEIDIMARIE
TØRRVIKBYG
ÅLVIK • FO
HEIDIMARIE
TØRRVIKBYG
ÅLVIKJONFO
SE

H
E : D I
T Ø R R V I K B Y G
Å L V I K J O N F O H E • D I







Høst-kolleksjon














Vinter-kolleksjon



EKSPERIMENTERA

Eg hadde tankar om å laga eit felles symbol for Kvam, og prøvde å koma fram til noko som både kunne fungera saman og som kunne vera individuelt for kvar bygd.






EKSPERIMENTERA



ålvik, fykse, øystese,
norheimsund, steinsdalen,
oma, tørvikbygd, strandebarm



i d e n t i t e t s b a n k




ålvik
fykse
øystese
norheimsund
steinsdalen
omasand
tørvikbygd
strandebarm
vikøy
innstranda




ålvik, fykse, øystese, norheimsund,
steinsdalen, tørvikbygd, strandebarm






NORHEIM
SUNDTØR
VIKGBYG
DØYSTESE
FYKSE



EKSPERIMENTERA

Fram og tilbake.


KVAM^M



KVAM:TØRRVIKBYGD

KVAM:ØYSTESE


KVAM:NORHEIMSUND



kvam:norheimsund


KVAM:TØRRVIKBYGD

KVAM:ØYSTESE



EKSPERIMENTERA


Eg let den felles symbol-
tanken liggja, og arbeidde
vidare med illustrasjonar.
Integrerte kart i merkinga.











EKSPERIMENTERA

Objekt + mønster. Eg leika med målestokk, og hadde ein tanke om å gje att objekt i reell målestokk, 1:1, og merkja kor objekta var. Eg vurderte også å pakka inn objekt, slik Christo gjer (over), for å skapa merksemd og undring.



ENGASJERA


Eg oppretta eit mobilt designkontor og besøkte Ålvik skule. Elevane og lærarane tok med noko dei knytte til bygda si, og eg designa.



ENGASJERA

Råmateriale eg fekk inn frå dei to første turane med det mobile designkontoret til Ålvik, gjort om til svart-kvitt.

+ Bilete skapar dialog. Uventa bilete set fart på kreativiteten.




EKSPERIMENTERA

Utforsking av ein etikett, inspirert av syltetøy-etikettar m.m., som kunne plukkast frå kvarandre og setjast saman alt etter behov. Kvar bygd si skrift.




EKSPERIMENTERA

Skisser etter å ha arbeidd på
det mobile desingkontoret.



EKSPERIMENTERA

Kart er heilt ute, objekt med mønster saman med foto er inne. Mobilt designkontor i heradshuset i Norheimsund.





EKSPERIMENTERA

Utforsking. Eg tok med meg ein boks med kva(m)drat og viste og diskuterte. Her Jorunn Veiteberg ved Kunsthøgskolen i Bergen.



THE **KVAMSKOGEN** COLLECTION



EKSPERIMENTERA

Ideen om å laga ein kafé saman med bygdefolket, byrjar å ta form. I kafeen ville eg også visa fram og diskutera skisser. Det første «offisielle» møtet er i kunstnar-bustaden Messa i Ålvik 6. april 2010. Kva synest folk om å laga ein Ålvik-kolleksjon? Og om namneforslaget?






EKSPERIMENTERA

Me bestemmer oss for å laga tre ulike kafear, som skal ta for seg ulike sider ved Ålvik:

1. Historie og tradisjonar.
2. Natur og jordbruk.
3. Ei yngre og alternativ side.



EKSPERIMENTERA

Lokalet vert bestemt: Den nedlagde Joker-butikken midt i sentrum, der det er planar om å byggja om for å etablera ein permanent kafé. Me lurar litt på om me det er eit genialt konsept, eller galskap? Det er ikkje berre toalettet som er i forfall, halve lokalet manglar også straum, finn me ut etter ei tid.



ENGASJERA

Me inviterer til dugnad, og eg opprettar Ålvik mobile designkontor, der både skisser og idear vert presenterte, og beslutningar tekne fortløpande.




ENGASJERA

28. april 2010 kl 08.55:
Frode Jacobsen frå Elkem
Bjørvefossen og gruppa for
permanent kafé står for
den offisielle opninga. Ålvik
skulekorps står for musikken.



EKSPERIMENTERA

Tre dagar, tre kafear:
28. april 2010: Folkets kafé.
29. april 2010: Den kvite
skogfrue.
30. april 2010: Ålvik Rock-
kafé.



«Design-din-eigen»

EKSPERIMENTERA






EKSPERIMENTERA



Din eigen kvamerat, når du er langt heimanfrå. Originalane frå skuleelvar øvst. Dei ferdige kvameratane (over) vart til sist sydde av gjenbrukte t-skjorter donerte av styret i Ålvik Rock.




EKSPERIMENTERA

Arbeidsbok/oppgavehefte med utgangspunkt i kartlegging av kvalitetar.





kva^M



SAMLINGA ER UNDER UTPRØVING, OG EKSEMPLA SOM VERT VISTE, ER SKISSER.

Ei samling mønster og motiv av og for folk i Kvam.

PRODUSERT AV DEG, FOR DEG.

OM SAMLINGA

KVA^M er ei samling mønster og motiv av og for folk i Kvam kommune i Hardanger. Kvar bygd har sin eigen kolleksjon, som tek utgangspunkt i natur, industri, kultur, menneske og draumar. Målet er å gjera innbyggjarane stolte gjennom å synleggjera lokal eigenart og stadlege kvalitetar, samt å tilby besøkjande og turistar eit meir nyansert og mangfaldig bilete av dei ulike bygdene. Dette heftet gjev deg ein kort introduksjon i korleis du enkelt kan bidra, og vera med på å setja ditt preg på samlinga.

KVA^M er ei samling mønster og motiv av og for folk i Kvam kommune i Hardanger. Kvar bygd har sin eigen kolleksjon, som tek utgangspunkt i natur, industri, kultur, menneske og draumar. Målet er å gjera innbyggjarane stolte gjennom å synleggjera lokal eigenart og stadlege kvalitetar, samt å tilby besøkjande og turistar eit meir nyansert og mangfaldig bilete av dei ulike bygdene.






ENGASJERA

Vidareføring av elevbedrifta som vart starta i Ålvik. Møte med DesignRegionBergen og Ytre Hardanger Opplæring (YHO), samt workshop for alle ungdomsskuleelevar i Kvam (arrangert av YHO).

+ Fekk testa ut varemerke-idear og hefte eg utvikla for innsamling av materiale. Fekk inn diverse råmateriale. Arbeidet som er starta med å kopla design og ungtdreprenørskap bør halda fram som eige prosjekt.









EKSPERIMENTERA

Skisseutstilling med inviterte designarar og andre, Bergen, juni 2010. Over: Eg besøkte to utstillingar i Danmark i juli 2010: DDC i København og Fuglsang i Toreby.

+ Vart obs på kor vanskeleg og viktig introduksjonen til prosjektet var. Bygde vidare på erfaringane. Erfarte verdien av å visa, framfor å snakka. Burde hatt fleire skisseutstillingar og færre presentasjonar.







FRUKTBLØMINGA I HARDANGER

Drøymt sett i songstey frå KVATM kallekjenner, med motiv frå Årbok i Hardanger, Norge.
Mønster av fruktblende Tord Alnø Skjerveheim sitt godstett av tårn Elmer-epile.



KUNSNARHUSET MESSEN

Drøymt kreativt i songstey frå KVATM kallekjenner, med motiv frå Årbok i Hardanger, Norge.
Mønster av fruktblende Tord Alnø Skjerveheim sitt godstett av tårn Elmer-epile.




RAFFINERA

Framleis mønster, men ikkje lenger kvamdrat. I staden mønster + motiv + varemerke. Eg skisser ikkje lenger på ein variant av varemerket KVA, men let bygdefolket ta over og laga KVA-ar sjølve.






KVA




Klav[®]M



RAFFINERA

KVA







OFFENTLEGGJERA


Utstilling, Bergen, desember 2010.

+ Fekk spissa prosjektet og blest. Motiverande for vidare arbeid med den kritiske refleksjonen. Men ei betre løysing kunne ha vore å konsentrera meg om formidlinga på nett, og i staden laga ei større lansering av nettsidene.





OFFENTLEGGJERA



HANDLAGA VED ÅLVIK SKULE AV:

NAMN: _____

DATO: _____

BUTTONEN **ROSER ER RØDE** har mønster henta frå minneboka til elev ved Ålvik skule, og motiv av blomande frukttre frå Ytre Ålvik.



HANDLAGA VED ÅLVIK SKULE AV:

NAMN: _____

DATO: _____

BUTTONEN **FJELLUTSIKT** har mønster henta frå perlebrosjyrt på busnadsbrosjy til Camilla (Hordanger-busnadsbrosjy) og motiv av fjellutsikt frå Ålvik (foto av kunstneren Judy i kunstnerhuset Mønstre).



HANDLAGA VED ÅLVIK SKULE AV:

NAMN: _____


DATO: _____

BUTTONEN **OFFENTLEGGJERA** har mønster henta frå minneboka til elev ved Ålvik skule, og motiv av blomande frukttre frå Ytre Ålvik.



TILLEGG: METODOMANIA


*Kan ei lita eske gjera deg til ein betre designar? Kan du koma i «flyt»
ved hjelp av romvesenet Milky? Kan ei setning skapa revolusjon?
Og burde me alle få minst ein adventskalender til jul?*



METODOMANIA

For å unngå å arbeida berre teoretisk i starten, laga eg ein idékalender. Ein enkel idé kvar dag i ein månad. Skisser på fem minutt heilt ok.


+ Oppdaga kor avgjerande rekkjefølgjene i prosessen er: Byrjar du dagen med design, er det lett å halda fram. Og omvendt: Skrivning fører til meir skrivning. Oppdaga også verdien av å designa fram idear. Mange av ideane tok eg med meg vidare.



METODOMANIA

Bra? Dårlig? Visuelt-seminaret 2007, arrangert av fagorganisasjonen Grafill for designarar og illustratørar. Oslo, hausten 2007.

+ Ein revolusjon! Det er her eg byrjar å utforska mine egne, subjektive kriterium for god design, og for alvor får auge opp for verdien av private, «uviktige» designprosjekt. Designlivet vert aldri det same etter desse to dagane.





METODOMANIA

Utprøving av ei lita eske med oppgåver for å bli ein betre designar. Stort bilete: Testperson Inger Høj. Eska inneheld mellom anna andre sine karakteristikkar av deg som designar.

+ Potensiale for vidare-utvikling.





METODOMANIA

Skisser, små «uviktige» objekt med utgangspunkt i stramme kriterium, ikkje noko mål, ikkje nokon målgruppe, berre lyst og ei utforsking av flyt-modusen.

- + Skissene vart starten på eit undervisningsopplegg om metodar for designstudantar, der eg eksperimenterte med visuelle hjelpemiddel i læringsprosessen.
- Vart seinare til boksar for innsamling av draumar, men eg mista dessverre motet og prøvde dei aldri ut.



METODOMANIA

Utprøving av Victor Papanek sin metode, «tvungne assosiasjonar», saman med tidlegare medstudentar KHiB / kollegaer i Grom design. Framside, KHiB si årbok. Vaksdal, våren 2009.

+ Moro! Og effektivt. To timar frå idéutvikling til ferdig resultat. Utgangspunktet vart ordet «tog», som førde til «grafitti», som gav oss ideen om å spraymåla framsidene (sidan KHiB var 100 år, la me hundre ting me brukar i designprosessen oppå bøkene).



METODOMANIA

Adventskalender med oppgåver, laga for design-studentar.

+ Adventskalenderen utvikla seg til ein nettbasert kalender der eg presenterte funn frå feltarbeidet i Kvam. Ei generell erfaring er at ingen prosjekt er bortkasta, og at det eine som regel fører med seg det andre.



METODOMANIA

Undervisning, utprøving av metoden «reversering». Frå «korleis kan eg ha det gøy med framsida til årboka», til «korleis kan årboka ha det gøy med meg?». Løysinga vart å montera eingongs-kamera med borrelås på boka.

+ Ein raskt og superenkel metode som kan gje overraskande resultat.



METODOMANIA

Undervisning for design-
studentar ved KHiB, hausten
2010. I løpet av stipendiat-
perioden hadde eg gradvis
utvikla eit kurs som handla
om innføring i, og bruk av,
metodar. Her var oppgåva
å laga ein Milkey frå verds-
rommet, for å sjå om kvar og
ein greidde å koma i flyt-
modus.

+ Kjekt å ha nokon å driva
fagleg «leik» med.

Milkey var egentleg eit romvesen i ein serie på ti ulike, som eg laga i full fart for å få sonen min til å drikk mjølk. Kvar dag fekk han ein Milkey, i byte mot at han drakk opp mjølka si (utgangspunktet var Tim Brown si bok *Design Thinking*, og påstanden om at det er lettare å byggja på ein eksisterande vane, enn å endra oppførsel. 5 år gamle Viljar er ein samlar). Me hadde ein knapp på veggen, og kunne snakka med sjølvaste kongen, som var på veg i romskipet sitt. Dessverre vart kongen litt forseinka på grunn av vulkanutbrotet på Island, men etter ti dagar, ti Milkeyar og til glas mjølk, landa romskipet med kongen like utanfor døra vår.

– Er det egentleg ein suppetallerken frå skapet vårt? spurde 5-åringen.
– Nei, svara eg, du ser vel at Kongen er ombord, med krona på hovudet og alt? Det gjorde han. Kongen reiste tilbake, men det bur framleis ti Milkeyar på eit gutterom på Vaksdal, og me manglar ein djup tallerken.



METODOMANIA

TRE GODE RÅD OG EIN ENKEL TEST

SPØR: KOR ENKELT KAN DET GJERAST?

Når du vert handlingslamma av alle moglegheitene, er det berre ein ting å gjera: Rykk tilbake til start og finn ut kor enkelt oppgåva kan løysast.

Forskringsrettlear Søren Kjørup såg på meg under ei rettleiing, og sa: «Ja, ja, jeg hører hva du sier, men hvor enkelt kan det gjøres?». Mange gongar i løpet av stipendprosjektet er det dette enkle spørsmålet som har fått meg vidare.

1

METODOMANIA

Tre gode råd.

UTSET VURDERINGA.

Banalt enkelt, og fascinerande vanskeleg.

Under eit FoU-seminar arrangert av KHiB i samarbeid med Høgskolen i Akershus, vart det hevda at dersom du skal vera kreativ, må du utsetja vurderinga. Det kan vera enklare sagt enn gjort: Prosessen vert lett opphakka av presentasjonar, diskusjonar, vurdering, tvil og tru. Men av og til må ein rett og slett utsetja vurderinga og berre kjøra på.

2

METODOMANIA

Tre gode råd.

VISUALISER ALT. ALLTID.

Spesielt når du ikkje veit kva du skal visualisera.

Først tenkte eg: «Uff, ei slik Halleluja-bok om at design er løysinga på alle problem i verda», men etter kvart som eg las, likte eg *Design Thinking* betre og betre. Tim Brown (2009) er opptatt av effekten av visualisering. Verdien av ei enkel strekskisse på ein gul post-it-lapp er undervurdert.

3

METODOMANIA

Tre gode råd.

SOM REGEL ER DET NYTTIG Å FINNA UT KVA DU EIGENTLEG DRIV PÅ MED.

Tid for test.

I boka *Visuell identitet* av Bjørn Rybakken (2004) omtalar han Bates sitt merkevarerhjul. Sjølv om du ikkje arbeider med merkevarer, kan det vera nyttig å konkretisera kva du eigentleg driv på med. Dersom du ikkje greier å svara på desse fem spørsmåla, kan det vera at prosjektet eller produktet ikkje har noko for seg. Eg brukte hjulet i samband med kaféprosjektet i Ålvik (mellom anna for å få fram essensen då me søkte om sponsor-midlar). Her er eksempelet frå Ålvik:

Fem spørsmål:

- 1. Eigenskap?** (Kva er det eigentleg snakk om?) Ein kortvarig, men innhaldsrik kafé.
- 2. Fortrinn?** Einaste kafeen i gangavstand for folk i Ålvik.
- 3. Verdi?** For brukarane: «Eg kan enkelt gå på kafé og vera sosial, samt vera med og diskutera og påverka framtida».
- 4. Personlegdom?** Den nyinnflytta naboen som inviterer til ein overraskande fest, der bygdefolket ikkje er heilt sikre på kva som kjem til å skje i løpet av kvelden.
- 5. Essens?** Kort veg til framtidsretta kafé (i tillegg til at kafeen var i gangavstand, skulle han bidra til å realisera planar om permanent kafé).



METODOMANIA

Og ein enkel test.

Redigert logg og skissebok. Linda Lien, stipendiat, Kunsthøgskolen i Bergen / Stipendprogrammet for kunstnerisk utviklingsarbeid, 2011. Siste oppdatering 15. mars 2011.

Les også den kritiske refleksjonen:

Identitetsdesign for geografisk avgrensa område: Den kollektive stadsidentiteten i den personlege merkevarebygginga si tid.

Sjå nettsidene www.visuellidentitet.no

Dette er dei to bøkene eg refererer til:

Brown, Tim and Barry Katz. *Design thinking*. Harper Business / HarperCollinsPublishers, New York (2009).

Rybakken, Bjørn. *Visuell identitet*. Abstrakt forlag, Oslo (2004).